

# Sartor Maskin byggjer Solplassen

Liegruppen har selt halvparten av Solplassen på Solsvik til Kåre Bjorøy Holding AS. – Vi er klare med første byggjetrinn, seier Bjorøy.

**SOLSVIK:** Kåre Bjorøy ser for seg å setja spaden i jorda like over sommarferien, så sant byggjeløyvet er på plass.

– I første omgang byggjer vi 12 leiligheiter, fortel Bjorøy. Prosjektet er godkjent av kommunen med til saman 64 einingar.

## Salet er i gang

Alt før salsmøtet som blir halde på torsdag, er ein leilighet selt, medan ein annan er reservert.

– Responser har vore heilt fantastiske, seier Cristian Valdes Carter i Liegruppen.

Då annonseringa av prosjektet starta sist veke, hadde ryktebørsen på Solsvik gått lenge.

– Allereie på informasjonsmøtet tidlegare i år, som vart halde i samband med nabovarslinga, var det folk som melde seg som interesserte, fortel Carter.

Det var i fjor at Liegruppen lyste heile prosjektet ut for sal etter at reguleringsplanen var godkjent.

– Vi er primært eigedomsutviklarar. Bustadbygging er ikkje vår kjerneverksemd, forklarar Carter.

## Trong for bustader

Men prosjektet vart ikkje selt, og Liegruppen måtte gjera opp status.

– Då såg vi oss om etter samarbeidspartnarar og tok direkte kontakt med Sartor Maskin, seier Carter.

Kåre Bjorøy viste seg å vera entusiastisk.

– Vi synest dette var eit fint prosjekt, og vi trur det er trong for bustader i Ågotnes-området, seier Bjorøy.

Liegruppen er nøgd med å ha fått ein samarbeidspartnar med på laget.

– Sartor Maskin er ein solid,



Her på Solsvik i Fjell skal det byggjast 64 leiligheiter. Liegruppen har selt halvparten av aksjane i Solplassen Solsvik AS til Kåre Bjorøy Holding. Første byggjetrinn kom på marknaden sist veke.

lokal aktør, meiner Carter. Solplassen er det første prosjektet Liegruppen og Sartor Maskin samarbeider om.

– Vi håpar samarbeidet kan bana veg for framtidige fellesprosjekt, seier Carter.

## Variasjon i storleik

Dei 12 einingane som ligg i første byggjetrinn, varierer i storleik frå 63 til 104 kvadratmeter og to, tre og fire rom. Bygget er på tre etasjar, og parkering skjer i kjellaren. Alle einingane har terrasse eller balkong ut mot havet.

– Det er flott utsikt, meiner Bjorøy.

Interessa for dei ulike leilighetene i første byggjetrinn vil få innverknad på utforminga av neste steg.

– Neste byggjetrinn inneheld

om lag 25 einingar dersom vi byggjer det i eitt. Det kjem litt an på responser, seier Bjorøy.

## Innflytting hausten 2014

Området ligg høgt og fritt plassert i terrenget, og bygga blir bygd som lågenergihus.

– Det vil blant anna seia at vi satsar på vannboren varme og at vi hentar energi frå fjellet, seier Bjorøy.

Byggjetida er på 12 til 15 månader. Dersom Bjorøy kjem i gang med bygginga over sommarferien, blir det innflytting i løpet av hausten neste år.

– Vi er utruleg spente på responser på salsmøtet. Det finst nok mange som sit med einebustad som ønskjer å bli buande i området, seier meklar Svein Erik Ellingsen hos Privatmegle-



Når byggjeløyvet er på plass, startar bygginga av dette bygget med 12 leiligheiter. Illustrasjon: Og Arkitekter AS

ren. Han peikar på at det finst få leiligheiter i Ågotnes-området i dag, og han trur Solplassen kan nå ulike målgrupper.

– Variasjonen er stor i prosjektet, seier Ellingsen.

MARIT KALGRAF  
marit@vestnytt.no

996 32 062

## Betre enn venta på riksveg 555

**SAMFERDSEL:** Det vart ikkje køkaos som frykta på morgonen i går, då Statens vegvesen la om køyremønsteret gjennom vegarbeidsområdet i Drotningvik. Prosjektleder Ole-Henning Davik åtvare mot tilstandar lik dei trafikkantane opplevde forrige tysdag. Åtvaringa kan ha ført mange ekstra tidleg ut på vegen, køane var i alle fall ikkje verre enn ein vanleg måndag.

## Heiderspris til GB Øystein i Nordheimsund

**NORHEIMSUND:** Under trebåtfestivalen i Nordheimsund i helga vart gavlbåten Øystein frå Sund tildelt heidersprisen frå Hardanger Båtfestival. Øystein hadde rigga seg for å delta i seglekonkurranse, men denne måtte avlysast på grunn manglande vind.

GB Øystein, som er over 100 år gammal, er eigd av Stiftinga Trellevik kystkultursenter. Det

tok fem år å restaurere båten, og det er Trellevik båtlag som har gjort jobben. Øystein har blitt lagt merke til før, i 2003 fekk den prisen for beste resturerte båt på Torgdagen.

Øystein fekk vist seg fram i all si prakt med alle segl oppe under trebåtfestivalen i helga. Foto: Nurket Klem

